

Beskjeder:

Vi hadde ein fin tur til Kleivane på onsdag som var. Det var ein lengre tur enn vi har gått før, men elevane var finke!

På torsdag kjem alle førskuleborna som skal byrje på Sagstad til hausten på besøk til 1. trinn. Vi skal jobbe med praktisk matematikk, ete lunsj og leike saman ute på lilleplassen. Det er viktig at alle er kledd etter vêret. Vi gler oss!

Elevane jobbar godt med leksene heime og de føresette gjer ein god jobb med å støtte dei! Mange har blitt flinke til å skrive dei små bokstavane og fleire har byrja med å skrive lengre setningar. Dei små bokstavane er noko vi øver mykje på og det er difor fint om de som føresette hjelper elevane til å bruke dei små bokstavane når elevane gjer skriveoppgåva i den grønne skriveboka si.

Leksebøkene kan ligge heime til torsdag/fredag. Er det nokon av elevane som blir ferdige med leksene før (skriveleksa og matteleksa), kan dei leverast inn. Det er lettare for meg å vite om elevane er ferdige med leksene når det berre er dei som er ferdige med leksene som har bøker i sekken andre dagar enn torsdag/fredag. Det hender elever leverer inn bøker utan at dei har gjort leksene fordi dei blir forvirra og eg ikkje rekk å sjekke om dei har gjort leksene (gjeld dagar utanom torsdag/fredag). Leseboka kan alle ta med fredag. Eg vil gjerne at alle skal repetera tekstane vi har i lekse kvar veke slik at dei hugsar ordbileta, så difor vil eg ikkje at dei skal leverast før fredag.

Takk for fine samtalar så langt og velkommen til utviklingssamtalar til dykk som skal ha denne veka! 😊

Ha ei fin veke, helsing Nina



nina.asebo.olsvoll@alver.kommune.no

Klassetelefon: tlf. 408 15 326

Klassekontaktar: Solvor Øvretveit Lilleberg (Håkon L.) og Heidi Viktoria Sætre (Vilma)

FAU: Margrete Hugaas Kolås (Jakob) og Øystein Bue Røynesdal (Håkon R.)

Dette jobbar vi med denne veka:	
NORSK	Bygge, snikre, mekke <ul style="list-style-type: none"> Eg øver på å skrive bokstavane riktig. Eg øver meg på å skrive korte tekstar som andre kan lesa. Eg øver meg på å skrive ord og setningar til bilete.
MATTE	Tala til 20 <ul style="list-style-type: none"> Eg kjenner til tala 11-20 og øver meg på å forme dei rett. Eg øver meg på å finne rett mengd til rett symbol. Eg kan telje baklengs frå 20.
SOSIALT	<ul style="list-style-type: none"> Eg vel ein TL-aktivitet før eg går ut i storefri. Eg øver meg på å samarbeide med alle i klassen.

	Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
NORSK 	Les ★ ☾ eller ☀ på s. 86 eller s. 87. Gjer skriveoppgåva på s. 85.	Les ★ ☾ eller ☀ på s. 84 eller s. 85 . Øv på å lesa med flyt. Øv på å lese heile ord, ikkje lyd for lyd. Du skal no prøva å hugsa det du les.	Les s. 88, åleine eller saman med ein vaksen.	Les s. 88 åleine eller saman med ein vaksen . Øv på å lesa eit av avsnitta med flyt. Øv på å lese heile ord, ikkje lyd for lyd. Du skal no prøva å hugsa det du les.
MATTE 			Gjer s. 114 og 115.	
Hugs:	Gymsko! ☺	Uteskule, kle deg etter veret. Leksebøker kan ligge heime!	Lever inn tom meldemappe og leksebøker.	